



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

| Saksbehandlar                | Tlf. direkte innval | Vår ref.    | Dykkar ref. | Dato       |
|------------------------------|---------------------|-------------|-------------|------------|
| Christina Nyland<br>Jacobsen | 955 54 272          | 2022/1465-1 | «REF»       | 04.02.2022 |

## Informasjonsbrev - Påminning om krav til dokumentasjon for VA-anlegg

Eining for Vatn og avløp i Kvinnherad kommune ynskjer å gje alle lokale aktørar som dette er aktuelt for informasjon i høve revidert VA-norm og ny Leidningsregistreringsforskrift som begge var gjeldande frå i fjor sommar. Kopi av dette brevet vert også sendt til lokale ansvarlege søkjarar.

Hausten 2021 haldt me eit informasjonsmøte kring dette, som mange av Dykk deltok på. Me opplevde det som nyttig å møte bransjen, og vonar De også gjorde det. Ynskje vårt var og er å betra kommunikasjon mellom oss og Dykk, samt å dela informasjon som me alle må forholde oss til i vårt arbeid med VA. Føredrag blei også ettersendt til møtedeltakarar, samt til dei som av ulike årsaker ikkje kunne møte.

No har det gått ei lita stund sidan både reglar og normer vart vedtekne, og informasjonsmøtet vart halde. I denne perioden har me prøvd å halda så tett dialog som mogleg med Dykk, - då ofte i samband med enkeltsaker/prosjekt som De har inne via oss, også som bedriftsbesøk m.a. **Det me har erfart er at mange er god på veg, men at særskilt eitt punkt knytt til dokumentasjon av VA-anlegg er utfordrande. Dette gjeld då i hovudsak krav til innmåling og datalevering, samt bilete-dokumentasjon for VA-anlegg.**

Me ser at det no er tid for at me minner på rutinane på dette punktet, slik at me alle oppfyller dei krava som er sett i gjeldande lovverk og VA-norm. Me er klar over at det er ein del å forholde seg til, nettopp difor ynskjer me å halda ein tett dialog med Dykk på dette.

Eitt av vilkåra i tilknytingsløyve som De mottar frå oss etter søknad om tilknytning til offentleg leidningsnett er:

**«Alle ledningar skal målast inn i hht Ledningsregistreringsforskriften og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til [va@kvinnerad.kommune.no](mailto:va@kvinnerad.kommune.no)»**

Om vilkåret over ikkje blir oppfylt, så vil det kunna få uheldige konsekvensar. Det kan t.d. vera at ein må grava opp att for å få målt inn, eller at det ikkje blir gitt godkjenning/ferdigmelding.

## Oppsummering om lovgrunnlaget og normer for vilkåret over her:

Grunnlaget for vilkåret nemnt over, finn ein bl.a. i gjeldande Leidningsregistreringforskrift som er ei forskrift til Plan- og bygningsloven.

*Utdrag frå forskrifta som gjeld dykkar dokumentasjonsplikt:*

### **§ 4.Ledningseierens plikt til å dokumentere egne ledningsanlegg**

Ledningseieren skal stedfeste og dokumentere egne ledningsanlegg i henhold til standard utgitt av Statens kartverk eller likeverdig internasjonalt akseptert standard.

Kravet etter første ledd gjelder når ledningseieren

- a. etablerer et nytt ledningsanlegg
- b. utfører arbeider som endrer egne eksisterende ledningsanlegg
- c. utfører arbeider som avdekker et eget eksisterende ledningsanlegg, når dette ikke tidligere er målt inn eller dokumentert i henhold til gjeldende krav etter første ledd, eller det er feil i denne dokumentasjon.

Dette er for å oppfylle formålet med forskrifta som er:

### **§ 1.Formål**

**Forskriften skal sikre en nøyaktig og pålitelig innmåling av ledninger og annen infrastruktur i grunnen, sjø og vassdrag, og gjøre det enkelt å få tilgang til denne informasjonen.**

Formålet over er med på å sikra alle som treng informasjon om leidningsnettet i ettertid god informasjon, t.d. når ein skal grava eller planleggja nytt VA-anlegg i eit område.

Vilkåret over viser også til gjeldande VA-norm for Kvinnherad kommune, som seier noko om kven og kva VA-norma gjeld for (*utdrag frå VA-norma*):

**«Kommunalteknisk VA norm gjeld for alle VA anlegg dvs. både kommunale anlegg og anlegg som blir bygd ut av private aktører for deretter å bli overtatt av kommunen/heradet i samsvar med kapittel 18 i Plan og Bygningslova (PBL).»**

Utdrag frå Leidningsregistreringforskrifta §4 - tredje ledd, seier dette om kven som skal dokumentera og kven som kan krevja dokumentasjon i høve stikkeleidningar:

**«Før stikkledning koples til allmennyttig ledningsanlegg, kan ledningseieren krevje at eier av stikkledningen stedfester og dokumenterer stikkledningen i henhold til standard utgitt av Statens Kartverk eller likeverdig internasjonalt akseptert standard»**

Utifrå desse to punkta over, kan kommunen krevja at det skal leverast inn dokumentasjon i høve private stikkleidningar som skal knytast til kommunalt leidningsnett, samt leidningsnett som skal overtakast til kommunen.

Når det kjem til korleis ein skal stadfesta og dokumentera VA-leidningsnett, viser vi til vedlegg til VA-norma dokumentet «B2 – Krav til innmåling og sluttdokumentasjon», utdrag frå denne her:

**«All innmålingsdata skal leverast på SOSI-format eller GMI, til ei kvar tid gjeldande versjon. Bruk av anna filformat skal avklarast med VA-ansvarleg i kommunen»**

I utdraget over er det også gitt eitt unntak frå formatlevering. Er det t.d. kun nokre få stikkleidningar til eit hus, så kan ein høyra med oss om ein kan levera på enklare filformat (t.d. .kof-filformat). Me bed Dykk då kontakta oss på førehand, slik at De kan få ei stadfesting frå oss på om dette er greitt. Denne vurderinga blir gjort i kvar enkeltsak me får førespurnad om, og gjeld ikkje generelt.

**For at vilkåret som me har vist til først, skal vera oppfylt, så skal innmåling gjennomførast, og dokumentasjon leverast til Kvinnherad kommune i samsvar med gjeldande lovverk og VA-norm.** Til slutt i dette brevet ligg lenkjer til om kor De kan finna dette.

Me har også vore hjå ein del entreprenørar som driv med innmåling/redigering av VA-data på førespurnad. Her har me typisk gått gjennom tema over, gjerne også med ein praktisk del med innmåling. Dette har vore svært nyttig for oss, og vonar det også har vore det for dei som har hatt besøk av oss! Det at me møtest; - enten fysisk eller digitalt – gjer at me styrkar både kommunikasjon mellom oss, - blir kjend me utfordringar som me kan løysa, - og ikkje minst: - bli ferdig med dokumentasjon i tide. Då kan det bli gitt godkjenning/ferdigmelding og/eller overtaking av VA-anlegg som kommunen skal overta – innan rimeleg tid etter at anlegget er ferdig.

Om di bedrift ynskjer at me får til eit slikt møte hjå Dykk eller digitalt, så kan De kontakta GIS-ansvarleg; Christina Nyland Jacobsen, sjå kontaktinfo under.

Me har også planlagt ei oppfølgingsmøte i løpet av våren med VA- bransjen lokalt, når koronasituasjonen tillèt det. Dette kjem me med informasjon om på eit seinare tidspunkt.

Om De har spørsmål, ber me Dykk gjerne kontakta oss på e-post eller telefon:

**VA-e-post:** [va@kvinnerad.kommune.no](mailto:va@kvinnerad.kommune.no)

**Christina Nyland Jacobsen – GIS ansvarleg Kvinnherad kommune**  
([christina.nyland.jacobsen@kvinnherad.kommune.no](mailto:christina.nyland.jacobsen@kvinnherad.kommune.no) mobil: 955 54 272)

**Egil Eide: -VA-ansvarleg, -einingsleiar, Kvinnherad kommune**  
([egil.eide@kvinnherad.kommune.no](mailto:egil.eide@kvinnherad.kommune.no), mobil: 993 56 126)

Lenkje til gjeldande VA-norm m/vedlegg på Kvinnherad kommune si heimeside:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/va-norm.563105.nn.html>

Lenkje til *Ledningsregistreringsforskriften (Forskrift om innmåling, dokumentasjon og utlevering av geografisk informasjon om ledninger og annen infrastruktur i grunnen, sjø og vassdrag)* (frå **Lovdata.no**):

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-12-18-2986?q=ledningsregistrering>

Med helsing

Christina Nyland Jacobsen  
*GIS-ansvarleg vatn- og avløp, Kvinnherad kommune.*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

## Kopi til:

Egil Eide  
HALSNØY TRELAST AS  
Hjalmar Heimvik  
Terje Natland  
PROSJEKT KONSULT KVINNHERAD AS  
TEIGEN BYGG & TRELAST AS AVD BYGGERN PRIVAT  
SUNDE PROSJEKTUTVIKLING AS  
SANDVOLL ENTREPRENØR AS  
ØYBYGG AS  
HAGEMEISTER RESET BYGG AS  
KVINNHERAD BYGG AS  
JACOBSEN O TRELAST AS  
BYGG NYTT AS

Rosendalsvegen 10  
Toftevåg  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Stabburshaugen 5  
Opsangervegen 18  
Sundsvegen 132-140  
Sandvollvegen 15  
Landamarka  
Toralivegen 9  
Seimsvegen 140  
Tongavegen 94  
Olderhagen 8